



VANYLVEN KOMMUNE

Denne søknaden blir sendt til post@udir.no og merka med «Tilskudd 2019/4171».

Viser til <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/inkluderende-praksis-i-barnehage-skole-og-sfo/> (SIST ENDRET: 10.07.2019)

der kommunar kan søkje tilskot som gjeld arbeid med inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO.

Med denne søknaden ønskjer Vanylven kommune å søkje om tilskot til ein ressursperson som skal koordinere arbeidet for å få til ein meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO. Koordinatoren si viktigaste oppgåve blir å leia arbeidet med å utvikle nye måtar organisere tenestene i Vanylven på, til dømes eit betre tverrfagleg samarbeid og samordning mellom PPT, skulehelsetenesta og helsestasjonen.

Søkjjar

Org.nr:	964978662
Namn:	Vanylven kommune
Adresse:	Rådhuset 6143 Fiskå Frode Vik Frode.vik@vanylven.kommune.no

Prosjekt

Tilskot:	Tilskudd 2019/4171
Prosjektnamn:	Familie- og læringscenter
Frå dato	01.08:2019
Til dato	01.08.2022 førast frå prosjekt til drift


samarbeidspartnar

KS-K	KS-Agenda AS Postboks 1378 Vika 0114 Oslo Norge
Kontaktperson	Jørn-Arild Mikkelsen Jorn-arild.mikkelsen@ks.no

Bakgrunn for utprøving.


Gjennom skule- og barnehageåret 2018 – 2019 har Vanylven kommune arbeidd med å ferdigstille ein ny kvalitetsplan for barn og unge. I arbeidsprosessen med å skrive Plan for barn og unge har vi lagt vekt på brei involvering av politisk leiing, administrativ leiing og profesjon. I tillegg har både føresette, barn, elevar, unge vaksne, frivillige og næringsliv vore med i prosessane.

Innhaldet i planen har fokus på dei nyaste nasjonale føringar som ligg føre for både helse, kultur og oppvekst. Fellesnemnaren for desse føringane er livsmestring for barn og unge.





Eit av hovudtiltaka i planen er å arbeide med å få til eit enda betre inkluderande fellesskap for barn og unge i Vanylven kommune.

Bakgrunnen for dette er at ulike kartleggingar gjort skuleåret 2018/2019 viser klart at vi treng å jobbe med barna sitt psykososiale miljø gjennom eit inkluderande fellesskap for barn og unge. Resultat frå Ung Data undersøkinga, vår 2019, viser at vi har ein negativ utvikling mtp trivsel, tru på lykkeleg liv, einsemd, depresjon, bruk av vald, rus og mobbing. På biletet til høgre viser Vanylven samanlikna med andre kommunar i Møre og Romsdal. Når vi ser på tala mtp kommunestorleik ser biletet likeins ut. Vi har ei søyle med positiv utvikling, det er «har minst ein fortuleg ven». Ser vi på tala frå førre gang vi deltok i UngData, 2013, så er det ei negativ utvikling på alle parameter fram til 2019.



Elevundersøking er ei undersøking vi tek hjå 7. og 10. trinn kvart år i skulen. Her ser vi ei negativ utvikling for 7.trinn på spørsmålet om trivsel og støtte heimafrå. Og for 10.trinn er det negativ utvikling på spørsmålet om motivasjon, støtte frå lærarar og utdanning og yrkesretteiing. Det er viktig å peike på at alle dei andre parametrane har positiv utvikling.




Styrarane og rektorane sine tilbakemeldingar peiker på at det er uro og utfordringar med åtferd ute på einingane. Barnehagen og skulen sine tilsette har kompetanse på fagområda men dei signaliserer at dei treng støtte i det å møte barn og unge med psykososiale- og åtferdsutfordringar heilt ned i barnehagen og på barnetrinnet. Vanskane og utfordringane er truleg symptom på noko som er problematisk for barna våre. Derfor ønskjer vi å bygge sterkare oppunder eit inkluderande og støttande læringsmiljø for barn og unge i Vanylven

Kva vil vi oppnå med utprøvinga?

Kvalitet i barnehage og skule er ikkje PPT sitt ansvar aleine men kan bli ein arena som opplevast som ei sovepute i vidare arbeid. Vi ønskjer å få den kompetansen som er i PPT tettare på barnehage og skule. Vi ønskjer også andre kompetansar tettare på, her kan nemnast helsesjukepleier, barnevernspedagog, familieterapeut, psykolog. Nasjonale føringar har forventningar om heilskaplege, samanhengane og koordinerande tenester. Dette vil vere enklare å få til desto tettare tenestane er på barn og unge. Vanylven kommune vil i utprøvinga legge seg tett opp til tilrådingane i Nordahl utvalet sin rapport «*Inkluderende fellesskap for barn og unge*».

Vanylven kommune vil gjennom skule og barnehageåra 2019-2022 etablere ein pedagogisk rettleiingsteneste/familie og læringsteneste som vil ta over funksjonane som PP-Tenesta i Vanylven kommune har i dag. Tenesta vil og få ansvaret for å leie og koordinere det tverrfagleg samarbeide retta mot barn og unge i kommunen. Delar av tenesta skal være operativ frå 01.08.2020, dette gjeld den pedagogiske rettleiingstenesta. Familie og læringscenteret skal være operativt frå 01.08.2022.

Gjeldande nasjonale styringsdokument legg føringar for heilskaplege, samanhengane og koordinerande teneste på tvers av gamle «sektorgrenser». Vanylven kommune kan legge til rette for dette fordi vi er ei lita kommune med korte avstandar fagleg, god oversikt og har struktur og kultur som legg til rette for eit tett samarbeid i dei tenestane som gjeld barn og unge i Vanylven.



Kommunen har til no hatt eit fokus på dei tradisjonelle tenesteområda innan oppvekst og helse men ønsker no også å legge til rette for prosessar som fremjar alle tenesteområde som femner barn og unge 0-24 år. Dette inneber at meir tradisjonelle tenesteområde innan kommunalområdet helse og omsorg også blir ein integrert del av arbeidet med barn og unge i arenaene der desse oppheld seg (barnehage og skule). Konkret inneber dette at barnevern, nav, legetenesta, helsestasjon for barn og unge, inkludert jordmorteneste, samt psykisk helse blir en naturlig samarbeidspartner for å lykkast med ein heilskapleg tilnærming til barn og unge sin oppvekst.

Korleis vil vi prøve ut ?

Milepæl	Startdato	Ferdigdato
M0: Prosjektleiing Opprette ulike kommunal endringsgrupper som - arbeidsgruppe: her er helsesjukepleier for ungdom, helsestasjon for barn, psykisk helse, folkehelsekoordinator, barnehage, skule, barnevern og NAV representert. - forankringsgruppe: rådmann, kommunalsjefar KUOP og HESO og leiar av arbeidsgruppa. I tillegg til utviklingsarbeidet har vi fokus på koordinere og dokumentere samt sørge for informasjonsflyt gjennom prosjektet.	01.08.2019	01.08.2022
M1: Gjennomføring av ståstadanalyse Vi ser på dei ulike kartleggingar som barnehage og skule alt gjennomfører, her finn vi: <ul style="list-style-type: none"> - Elev, lærar og foreldreundersøking - Ung data, nasjonale prøver - Medarbeider- og brukarundersøkingar Her analyserer vi data og bruker dette som grunnlag for strategi/styring	01.08.2019	01.01.2020
M2: Opprette pedagogisk rettleiingsteneste I dette punktet ligg det følgande arbeid: <ul style="list-style-type: none"> - Evaluere eksisterande praksis - Kartlegge behov for organisering, roller og kompetanse - Utarbeide rutinar og prosedyrar for tenesta - Tilsette leiar og kompetanse - Oppstart av teneste 	01.01.2020	01.08.2021
M3: Familie og læringscenter (Koordinere tverrfagleg samarbeid) Evaluere eksisterande praksis.	01.01.2020	01.08.2022

Kartlegge behov for organisering og kompetanse Kartlegge behov for organisering, roller og kompetanse Plan for kompetanseheving av tilsette Oppstart av teneste		
M4: Evaluere prosjektet: Fortløpende evaluering av tenestene gjennom endringsgrupper Evaluering på økonomi, kvalitet og brukarmedverknad.	01.05.2022	01.08.2022

Korleis forankre utprøvinga ?

Sommaren 2018 blei den interkommunalt samarbeid avtalen om felles PP-teneste mellom Sande og Vanylven kommune sagt opp. Den politiske målsettinga/ambisjonen med oppseinga då var å tenkje eit større interkommunalt samarbeid som igjen skulle danne grunnlaget for ein meir robust PP-teneste for Vanylven kommune. Gjennom god styringsdialog og med fokus på gjeldande styringsdokument ønskjer vi no heller å omorganisere dagens PP-teneste slik at vi legg oss så tett på tilrådingane som ekspertutvalet til Thomas Nordahl har lagt fram.

I tillegg er forventningane om at tverrfaglig samarbeid for å sikre heilskaplege teneste til kommunen sine innbyggjarar eit prinsipp som står sentralt innanfor oppvekstfeltet i kommune Norge. I arbeidet med å tilby teneste til barn, unge og familiar er det stadig tydelegare vektlegging frå statlig nivå om at kommunane må sikre heilskaplege og godt tilpassande teneste, og at dersom det oppstår behov utover det som dekkast gjennom det allmenne tenestetilbodet, er det viktig at innsatsen settas inn tidlig. Dette grunngjevast både utifrå omsynet til dei det gjeld, og utifrå et samfunnsøkonomisk perspektiv.

Tverrfaglig samhandling er ein føresetnad for å kunne tilby heilskaplege og individuelt tilpassa tenester (jf. korleis tverrfaglig samarbeid vektleggast gjennom statlige føringar gjennom Barnevernsreforma, St. meld. 21 (2016–2017), ny stortingsmelding om tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage og skule (kjem hausten 2019) og det statlige 0-24-samarbeidet mv.). Jeløya-plattformen, regjeringsplattformen frå 2017, vekta også tverrfaglig samarbeid, og dette blei gjentatt i siste regjeringsplattform frå Granavolden 2019:9: *«Regjeringa vil styrke tidlig innsats, forebyggende tiltak og støtte som legger til rette for at flest mulig barn kan vokse opp i sin familie og sitt nærmiljø. Alle etater som jobber inn mot*

barnefamilier må koordinere innsatsen og samarbeide bedre om å gi et helhetlig tilbud (...). Regjeringen vil bygge sin politikk for familievern rundt prinsippet om forebyggende arbeid og tidlig innsats for å sikre gode oppvekstvilkår».

I handlingsplanen for barn og unge, vedtatt i mars 2019 vart fylgjande handlingspunkt for våren 2019 og skule- barnehageåret 2019-2020 vedteke:

- ✓ «Arbeide med inkluderande barnehage og skulemiljø. Deltaking i den nasjonale satsinga IBSM (Inkluderande barnehage,- og skulemiljø)».
- ✓ «Utgreie eit tverrfagleg kompetansmiljø som kan styrke/samle kompetansen og fagmiljøet til støtteinstansar. Fagmiljøet skal kunne arbeide med både individ og systemisk tilnærming.

Begge punkta frå handlingsplanen er innlemma i arbeidet med å etablere den tverrfaglege familie og læringsenteret.

Korleis etablere eit heilskapleg system for inkluderande og tilpassa pedagogisk praksis i barnehage, skule og SFO ?

Kravet til norske kommunar om ha ein PP teneste er i dag formulert slik frå UDIR:

«Alle kommuner og fylkeskommuner skal ha en PP-tjeneste. PP-tjenesten er skoleeiers sentrale sakkyndige organ. PP-tjenesten har to lovfestede oppgaver, (se opplæringsloven § 5-6 andre ledd):

- *PP-tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet sakkyndig vurdering når loven krever det.*
- *Tjenesten skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for elever med særlige behov (PP-tjenestens systemrettede arbeid)».*

Vidare er sakkunnig vurdering definert/presisert slik:

«Opplæringslova § 5-3.Sakkunnig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- *eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet*
- *lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa*
- *realistiske opplæringsmål for eleven*
- *om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet*
- *kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.*

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1».

PP-tenesta sin funksjon og kontakt med skulen er definert slik:

«Kontakt mellom skolen og PP-tjenesten

Bortsett fra en formell henvisning fra skolen til PP-tjenesten, er det ofte mer naturlig med en uformell kontakt og dialog mellom skolen og PP-tjenesten. Dette gjelder både som ledd i skolens generelle tilrettelegging av opplæringstilbudet, og som den del av PP-tjenestens systemrettede arbeid. PP-tjenesten skal vurdere om eleven får et tilfredsstillende utbytte av den ordinære opplæringen og må derfor vite hvordan denne opplæringen fungerer.

Den sakkyndige vurderingen må være så utførlig at skolen ikke er i tvil om hva PP-tjenesten egentlig tilrår, når enkeltvedtak om spesialundervisning skal gjøres. Dersom PP-tjenesten gir en tilråding basert på mangelfullt eller misvisende grunnlag, kan det føre til at enkeltvedtaket regnes som ugyldig.

Det er viktig at det er enkelt for skolen å se de faglige vurderingene som ligger til grunn for den sakkyndige vurderingen, slik at den kan brukes som grunnlag for enkeltvedtaket. Den sakkyndige vurderingen må også være utformet slik at både skolen og foreldrene/eleven forstår innholdet i den.

Innholdet bør derfor være så konkret som mulig. Den bør også inneholde konkrete tiltak som vil være til hjelp og bistand for eleven. Dette gjelder blant annet behovet for særskilt utstyr, særskilt tilrettelagte læremidler, læremiljø og kompetanse hos personalet.

Det er også viktig at den sakkyndige vurderingen sier noe om hva som skal være innholdet i timene, blant annet forholdet til Læreplanverket for Kunnskapsløftet og eventuelle avvik fra dette».

Dei nasjonale føringane/forventningane til den einskilde kommune i høve PP-tenesta vil bli teke omsyn til i arbeidet med familie og læringssenteret i kommunen. Men vi vil også ta inn dei nye styringssignala som kjem hausten 2019 i stortingsmelding om tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage og skule.

Ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging, leia av Thomas Nordahl, har levert rapporten «Inkluderande fellesskap for barn og unge» til Kunnskaps- og integreringsministeren 4. mars 2018. Hovudfunna i rapporten er:

«Det spesialpedagogiske systemet vi har i dag er ekskluderande fordi organiseringa og innhaldet fører til en manglande tilhøyrslø i fellesskapet med andre barn og unge.

En stor del av barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging møter i kvardagen tilsette i skole og barnehage utan pedagogisk kompetanse. Om lag 50 prosent av de som mottar spesialundervisning i grunnskolen, har ein assistent, og mange barn i barnehagen møter vaksne med lite formell spesialpedagogisk kompetanse. Samtidig veit vi at kompetanse hos lærarar er heilt avgjerdene for barn og unge si læring og utvikling.

Vi ventar for lenge før tiltak blir sett i verk. Tal på barn og unge som mottar spesialpedagogisk ressurs er størst på ungdomstrinnet. Dette er ikkje i samsvar med prinsippet om tidlig innsats. For mange barn og unge vil dette innebera at kunnskapshola og nederlaga er så massive at spesialundervisning ikkje vil bidra til betre læringsutbytte.

Dei faglige og kognitive forventningane til barn og unge som mottar spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er låge. Dette tyder på at aktivitet hos barn og unge er viktigare enn utvikling og læring. Læringsutbyttet til barn og unge som mottar spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er ikkje tilfredsstillande og står ikkje i samsvar med den store ressursinnsatsen.

Den individbaserte rettsorienteringa inneberer at det blir brukt mykje tid og ressursar på sakkunnige vurderingar og einskildvedtak. Dette medfører at det tar lang tid frå et behov hos barn og unge oppstår til at tiltak settas i verk. Rettsorienteringa har også som konsekvens at

tilsette i PP-tenesta med høg fagkompetanse, bruker mykje av tida si på arbeid som ikkje nødvendigvis bidrar til å auke kvaliteten på den praksis barn og unge møter. Det er et paradoks at tilsette med spesialpedagogisk kompetanse skriv sakkyndige vurderingar medan barn og unge ofte møter assistentar.

Det er langt fleire barn og unge i barnehage og skule med behov for særskilt tilrettelegging enn dei som mottar hjelp i form av spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Det finst ca. 15–25 prosent av barn og unge som har så store utfordringar at dei treng ein form for tilrettelegging i barnehage og skole. Systemet i dag gjev berre hjelp til et mindretall av desse, og systemet med sterke krav til sakkunnig vurderingar og einskildvedtak vil aldri kunne gi hjelp til 15–25 prosent av barn og unge.

Både PP-tenesta og Statped er tenester som ligg langt frå praksisfeltet, og brukar ein relativt liten del av sine ressursar til direkte rettleiing og støtte til læraren og andre tilsette i barnehagar og skular.

Utifrå desse hovudfunna funna tilrår ekspertgruppa leia av Thomas Nordahl i rapporten, Inkluderande fellesskap for barn og unge, at det: «etableres et helhetlig system for en inkluderende og tilpasset pedagogisk praksis i barnehage og skole. Hovedprinsippene i dette helhetlige systemet er at:

- *Alle barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage og skole skal få nødvendig hjelp og støtte der de er*
- *Denne hjelpen og støtten skal iverksettes tidlig, den skal være tilpasset den enkelte og foregå innenfor inkluderende fellesskap*
- *Alle barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage og skole skal møte lærere med relevant og formell pedagogisk kompetanse*
- *Den pedagogiske veiledningstjenesten skal organiseres slik at den er nærmest mulig barnehager og skoler*

For å ivareta disse prinsippene foreslås det både et støttesystem for barn og unge og for lærere og andre ansatte i barnehage og skole. Disse støttesystemene og andre forslag fra ekspertgruppen innebærer en omfattende og nødvendig endring av dagens system. I alle

barnehager og skoler skal det for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging etableres et eget pedagogisk støttesystem. Dette støttesystemet skal sikre at alle barn og unge mottar ekstra tid og støtte til å lære så snart de opplever problemer med faglig/språklig og/eller sosial læring og utvikling. Systemet skal bygge på en inkluderende tilnærming og er ikke noe barn og unge skal bli sendt til.

Det kreves ingen sakkyndig vurdering for å få hjelp. Barn og unge med behov for varige og omfattende tiltak skal sikres dette. Dette vil være spesialpedagogiske tiltak der det er klare avvik fra rammeplan og læreplan. Denne gruppen av barn og unge vil ha behov for slike individuelle tiltak over lang tid og skal få det. Tiltakene skal være spesifikke og målrettede med en individuell tilrettelegging som ikkje kan skjje innenfor rammen av vanlig undervisning og pedagogisk praksis i skole og barnehage.

Lærere i barnehage og skole skal få videreutviklet sin kompetanse ved at desentraliserte kompetansemidler knyttes til spesialpedagogisk arbeid. Det skal videre etableres en kommunal pedagogisk veiledningstjeneste i alle kommuner og fylkeskommuner. Den skal inkludere dagens PP-tjeneste, men være mer tverrfaglig. Denne veiledningstjenesten skal organiseres nærmest mulig barnehager og skoler. Det frigjøres ca. 1300 stillinger fra dagens sakkyndighetsarbeid, og 300 stillinger overføres fra Statped til denne veiledningstjenesten.

For å sikre bedre overganger fra barnehage til grunnskole, gjennom grunnskolen og inn i videregående opplæring foreslås det etablert en registrering av utdanningsdata på individnivå fra barnehage og ut videregående opplæring i regi av Statistisk sentralbyrå. Dette vil være særlig viktig for oppfølging av barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging. Flere av ekspertgruppens forslag vil nødvendiggjøre endringer i dagens lovverk.»

Barneombudet sitt prosjekt «Uten mål og mening?» undersøker dei same utfordringane, men med fokus på stemma frå barn og unge. Dei finn mykje av det same som ekspertutvalet løftar fram. Det tyder på at mange av elevane som tar imot spesialundervisning, ikkje får et forsvarlig utbytte av opplæringa. Dei har eit dårligare psykososialt skulemiljø enn andre elevar, og at dei verken blir høyrte eller får medverke i opplæringa. Ombudet løfter fram to viktige punkt; retten til eit forsvarleg og likeverdig opplæring og retten til å medverke.

Ved å opprette eit familie og læringsssenter som har ansvaret for å koordinere det tverrfaglege samarbeidet i Vanylven kommune ønskjer vi å legge oss så tett på Nordahl utvalet sin definisjon av eit heilskapleg system for en inkluderande og tilpassa pedagogisk praksis i barnehage og skule. Gjennom arbeidet med å etablere den pedagogisk rettleiingstenesta vil vi legge vekt på at:

- Alle barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage og skole skal få nødvendig hjelp og støtte der de er
- Denne hjelpen og støtten skal iverksettes tidlig, den skal være tilpasset den enkelte og foregå innanfor inkluderende fellesskap
- Alle barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging i barnehage og skole skal møte lærere med relevant og formell pedagogisk kompetanse
- Den pedagogiske veiledningstjenesten skal organiseres slik at den er nærmest mulig barnehager og skoler

Etableringa av pedagogisk rettleiingsteneste i første omgang og den endelege etableringa av eit familie og læringsssenter vil være ein viktig faktor for at:

- ✓ Barn og unge får forbetra levekår og veks opp med riktige offentlige teneste til riktig tid
- ✓ Barn får rett tiltak til rett tid og av riktig instans
- ✓ God samhandlingskompetanse i den enkelte eining og mellom tenestene
- ✓ God utnytting av samla fagkompetanse, god ressursbruk og redusert overlappande ressursbruk
- ✓ Kommunens fagkompetanse og arbeidsmetodar brukast ut frå større felles forståing på førebyggjande arbeid

Ressurspersonen si rolle og arbeidsoppgåver

Samarbeid på tvers av sektorar kan fort bli nedprioritert fordi gevinsten kan vere usikker samt at gevinsten må delast med andre sektorar. Ei streng forståing og tolking av sektoransvaret kan bidra til å forsterke sektortankegangen og svekke motivasjon for oppgåveløysing på tvers.

I eit tverrfagleg samarbeid vil det bli etablerte ein «sekundærstruktur» som går på tvers og kan opplevast som at den hierarkiske styringskjeda brytast ned. I denne samanheng ser Vanylven at det blir viktig å ha ein prosjektleiar som koordinerer arbeidet. Det å arbeide både

horisontalt og på tvers i dei etablerte sektorane vil vere ein suksessfaktor. Dette arbeidet er svært tidskrevjande og ressurskrevjande og vi ønskjer at dette skal vere ein dedikert person som begge sektorar har tillit til og som kan engasjere seg 100 % i dette arbeidet.

Vedkommande som får denne rolla vil også få ansvaret for å koordinere/være kontaktpunkt til eksterne fagmiljø som vi knytter til oss i arbeidet (t.d. KS-Konsulent).

Arbeidsoppgåver :

- Leie og koordinere arbeidet
- Sikre informasjon og kommunikasjon gjennom prosjektet
- Være med å sikre rett kompetanse inn i tenesta
- Være med å tilsette inn i familie og læringscenteret
- Bygge en felles og omforent kultur i alle tjenesteområder som fremmer intensjonene i familie- og læringscenteret
- Evaluere og vidareutvikle tenesta (tverrfagleg samarbeid krev høg grad av endringsvilje)

Involvering:

Involveringsarbeidet starta opp då vi valte å utvikle kvalitetsplan for barn og unge gjennom ein dialogprosess tufta på lærande møter. Ei endring som påverkar alle dei tilsette si forståing og utøving av praksis krev lokale prosessar og tek tid. For å lukkast med arbeidet i Plan for barn og unge involverte vi både skule, barnehage, politikarar, tillitsvalte, ungdom, foreldre og næringsliv. Vi valte å involvere breitt samt å fange opp dei nasjonale føringane som seier noko om forventningar framover.



Som de ser på figurane så har vi hatt eit grundig arbeid for å bli omforent både i språk og kultur.

Det heile munna ut i ein Kvalitetsplan og handlingsplan som er godt forankra i kommunen.

Kvalitetsplanen: Plan for barn og unge




- Høyringsfrist 21.januar 2019
- Livsløpsutval 6.mars 2019
- Formannskap 13.mars.19
- Kommunestyret 19.mars

Handlingsplan:



KUOP + HESO



- Planlegg ein overlapp for å få til 0-24 år
- Landsbytenkinga: større fokus på familie som ressurs.

Møtedatoar for arbeidsgruppa:

- 9.november
- 23.november
- 7.desember

• KUOP + HESO – dagar:

- 24.10.18
- 12.12.18
- 21.02.19
- 28.03.19
- 11.04.19
- 22.05.19
- Evt 13.-14.06

- Tema: tverrfagleg fokus der vi ser på møtestadar. Kan vi slå samar eller fjerne møtestadar og auke kvaliteten ?

I følge handlingsplan for 2019/2020 skal vi:

«Utgreie eit tverrfagleg kompetansemiljø som kan styrke/samle kompetansen og fagmiljøet til støtteinstansar. Fagmiljøet skal kunne arbeide med både individ og systemisk tilnærming. Fokus på psykisk helse og krevjande læringsmiljø».


Her har vi starta opp og vil gjennom utprøvinga halde fram med å gjennomføre involverande prosesser med:

- Dialogkonferanse.
- KUOP-dag.
- Pedagogisk nettverk.
- Utviklingstid på einingane.

- Elevråd og ungdomsråd, foreldreråd
- Bygde- og grendalagsmøter i forbindelse med pågående arbeid med skule- og barnehagebruksplan.

Korleis involvere PPT og andre tenester:

Vi vil involvere ppt og andre tenester gjennom å utvikle ein hensiktsmessig struktur i familie- og læringscenteret som illustrert i følgande modell:




Førebyggjande tiltak skal skje i barnehagar og skular i dei læringsmiljøa barna oppheld seg i. Tidlig innsats og inkluderande fellesskap inneberer at tilsette i barnehagar og skular har nødvendig kompetanse for å møte det enkelte barn ut i frå sitt funksjonsnivå og sine føresetnadar. Tidlig kartlegging både faglig og sosialt, skal utløyse tiltak med heimel til gjeldande lovverk og nasjonale styringsdokument. For å kunne nå mål i barnehagen sin rammeplan og skulen si fagfornyng må ulike kompetansmiljø mobiliserast og danne et stillas rundt barn og unge si læring og utvikling. Vanylven kommune vil dekke ei slik tilnærming ved å bygge eit familie- og læringscenter. Målet vil vere å kunne observere

barnet/eleven i sin kontekst, rettleie profesjonsutøvarar, støtte med tidlig innsats, utøve organisasjon- og kompetanseutvikling, og jobbe systemisk i høve til nasjonale forventningar.

Førebyggjande tiltak vil være å styrke og forsterke det ordinære tilbodet. Byggjande tiltak vil være rett kompetanse til rett tid. Spesielle tiltak vil være å kanalisere spesialkompetanse gjennom interkommunalt samarbeid, Statped og liknande for å sikre at barn med særskilte behov får nødvendig hjelp for å ivareta likeverdsprinsippet.

Det vi ønskjer å få til er i prinsippet «tett på og tidleg inn» då må vi få fagmiljøet, frå barn og unge 0-24, tettare på der barn og unge er i kvardagen. Fagmiljø og andre kompetansar, her kan nemnast helsesjukepleier, barnevernspedagog, familierapeut, psykolog, barnevern og NAV. Ei skisse på korleis vi tenkjer:



Kor mange skular og barnehagar er med på utprøvinga?

Alle skular og barnehagar i Vanylven skal vere med. Vi er ei lita kommune som er geografisk utstrakt, derfor har vi mange einingar i høve tal barn og unge.

Samla 100 barnehagebarn på 2 offentlege og ein privat barnehage.

Syvde barnehage

Solsikka barnehage (privat barnehage på Fiskå)

Åheim barnehage

Samla 306 grunnskuleelevar fordelt på 3 einingar slik:

Myklebust barne- og ungdomsskule: 146 elevar

Fiskå skule: 86 elevar

Åheim skule: 74 elevar

Vedlegg

Som vedlegg til denne søknaden har vi lagt ved:

- ✓ Plan for barn og unge – saksgang. pdf
- ✓ Handlingsplan Plan for barn og unge.pdf
- ✓ Plan for barn og unge.pdf